



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap



NÆRØY
FJORDEN
VERDSARVPARK

Handlings- og tiltaksplan 2024.

Innleiing.

Handlingsplanen 2024 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på gjeldande Parkplan¹ sine overordna satsingar som er:

- SKAPE NÆRING OG KULTUR.
- TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ.
- TA VARE PÅ KULTURARV.

Parkplanen ligg tilgjengeleg på fylgjande nettstad: <https://www.naroyfjorden.no/styringsdokument/>

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmande i høve til val av tiltak og gjennomføring av desse:

- Oppfylging av Verdsarvkonvensjonen med tilhøyrande retningslinjer.
- Semje i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.
- Initiativ og innspel frå partnarar, stiftarar/ parkkommunane og tilsette i parkorganisasjonen.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosess som involverer :

- Parkpartnarane/ samarbeidspartar.
- Stiftarane.
- Tilsette i parkorganisasjonen.
- Arbeidsutvalet og Parkstyret.

Handlingsplanen er handsama av Parken sitt arbeidsutval den 15. desember 2023 (A-sak 18/23) og godkjent av Parkstyret i møte den 21. desember 2023. (Sak 13/23).

¹ Gjeldande Parkplan er under revisjon; oppdatert versjon truleg vedteken 2. kvartal 2024.

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP ² | Ansvar | Målsetjing/ Resultat |
|-------|--|----------------|------------------|-------------------|---|
| 1. | | | | | |
| 1.10 | Parkmøte: Planlegge og gjennomføre Parkmøte/ allmøte i lag med relevante samarbeidsparar som t.d. verneområdeforvaltninga. | 15 000 | 15 000 | Dagleg leiar/ AU. | Innan utgangen av 3. kvartal 2024. |
| 1.11. | Utviklingskonferansen 2024: Planlegge og gjennomføre ein regional konferanse med fokus på utvikling/ innovasjon i verdsarvområdet/ kva som råd å få til. | 150 000 | 100 000 | Dagleg leiar/ AU. | Innan medio november 2024. |
| 1.12 | Møteplassar: Planlegge og gjennomføre, gjerne i samarbeid med partnerar, tematiske arbeids- og dialogmøter. | 30 000 | 30 000 | Dagleg leiar/AU | Styrke samarbeid og samhandlinga om felles mål. |
| | Sum Møteplassar | 195 000 | 145 000 | | |

²NVP = Nærøyfjorden Verdsarvpark. Kollonna syner NVP sin del av samla budsjett og kva som vert søkt finansiert gjennom stiftinga.

³ Leiarskapet og drifta av VAR vert overført til Nærøyfjordområdet/ Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark for perioden 2024-25.

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP | Partnerar/ Samarbeidspartar | Ansvar | Målesettjng/ resultat |
|---|---|---------------|---------|---|------------------------------|--|
| 2.8. | <p>Samarbeid med barnehagane og skulane : Verdsarvparken har som målsettjng at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen til born og unge i heile Nærøyfjordområdet. I samarbeid med barnehagane og skulane i og inntil Verdsarvparken vert det utvikla, forankra og gjennomført systematiske pedagogisk opplegg tilpassa kvart årstrinn som set fokus på verdsarven og natur- og kulturverdiane lokalt og regionalt. Det vert m.a. vektlagt geologi, biologi, kulturarv, sporlaus ferdsle, verneområde og kva er verdsarv.</p> <p>Gjennom eit forprosjekt er målsettjnga å vidareutvikle eksisterande tilbod til ei verktøykasse for formidling av verdsarven. (Vidareført frå 2023)</p> <p>Satsinga inkluderer støtte/deltaking til gjennomføring av leirskule i Dyrdal og undervisningsopplegg på Otternes Bygdetun.</p> | 375 000 | 350 000 | Parkpartnerar, Verneområdeforvaltning/ SNO Parkkommunane/ verdsarvskulane. Lag/ organisasjonar | Parkforvaltar kulturminne | <p>1. Gjennomføre min. 2 undervisningsopplegg i kvar kommune.</p> <p>2. Gjennomført forprosjektet «Verktøykasse for formidling om verdsarven til barn.» innan 3 kvartal.</p> |
| MAT, HANDVERKS- OG OPPLEVINGSPRODUKSJON: | | | | | | |
| 2.10. | <p>Nettverksmøte for små verksemdar: I samarbeid med partner/ SAKTE-alliansen planlegge og gjennomføre eit nettverksmøte for mindre verksemdar med føremål å synleggjere samt betre marknadsføringa av eit breitt mangfald av tilbod/ aktivitetar.</p> | 25 000 | 15 000 | SAKTE Visit Sognefjord Visit Voss Norway's best Partnerar/ | SAKTE/ dagleg leiar | 1. Gjennomført samling innan mars/april. |
| Arrangement | | | | | | |
| 2.14. | <p>Guida turar i Verdsarvparken: I lag med dei lokale turlaga/ grendalaga og partnerar planlegge og gjennomføre 1 guida tematur i kvar av verdsarvkommunane. Førebels program:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vik: Skard - Lægdeskar -Lægdene. 2. Aurland: Øvste Stegen - Aasen -Beitelen. 3. Lærdal: Ljøsne - Ljøsneveiti - Stuvane kraftv. - Ljøsne. 4. Voss: Stlheim - Brekkenipa. | 50 000 | 30 000 | Lokale turlag, grendalag og andre parkpartnerar. Verdsarvkommunane, verneområdeforvaltninga. | Prosjektmed. kulturminne | Gjennomført 1 vandring i kvar verdsarvkommune innan 3. kvartal. |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Ansvar | Målsetjing/ resultat |
|-----------------------------------|--|------------------|------------------|---|----------------------------|---|
| 2.15. | Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement. | 15 000 | 10 000 | Bakka grendalag SNO | Bakka grendalag | Arrangementet gjennomført 1.helga i august. |
| 2.16. | Geologiens Dag 2024: Gjennomføring av ope arrangement/ formidling av relevant forskning og kunnskap knytt til Verdsarvparken sin geologi. <i>Tema/lokalisering er under planlegging.</i> | 15 000 | 15 000 | Parkpartnarar/ forvaltning. | Parkforvaltar kulturminne | Arrangementet gjennomført innan 3.kvartal |
| 2.17. | LANDSKAPSFEST 2024, Stalheim: Innsats og støtte til planlegging/ gjennomføring av Stalheimskleiva Opp, opningsarr. Stalheimskleiva/Sivlelassen og Jonsokfeiring 21. - 23. juni. | 835 000 | 160 000 | Stalheim Landskapspark/Stalheim Hotel/ Statens Vegvesen Verneområdeforv. Voss herad. | Stalheim Landskapspark | Arrangementet gjennomført innan 2.kvartal. |
| 2.20. | Dei norske Kulturminnedagane 2024: Nasjonalt tema: «Spor, nettverk og forbindelser». Målsetjing om å gjennomføre 1 tematisk arrangement i og i samarbeid med kvar verdsarvkommune. Gjennomføring av satsinga «Mangesyslaren» i Vik og Aurland. (Detaljar ikkje fastsett/ planlegging i prosess.) | 40 000 | 25 000 | Verdsarvkommunane, skulane, barnehagane, lag og organisasjonar, parkpartnarar | Parkforvaltar kulturminne. | Arrangementa gjennomført innan 3. kvartal |
| 2.21. | Stølshelg i Undredal 2024: Støtte til profilering/ gjennomføring av den årlege stølshelga på Langhuso. | 25 000 | 10 000 | Underdal ungdomslag, Opplev Underdal AS, parkpartnarar. | Underdal ungdomslag | Arrangementet gjennomført innan 1. september. |
| Anna | | | | | | |
| 2.23. | "Styvi Gardsmuseum": <i>Garden Styvi ved Nærøyfjorden er eit kulturminne av stor kulturhistorisk og opplevingsmessig verdi. Den utgjer ein av dei viktigaste attraksjonane langs Nærøyfjorden og er veldig mykje besøkt av turgåarar, skuleelevar, turistar frå inn- og utland. Det er gjennomført eit forprosjekt med mål om tilrettelegging for auka publikumsbesøk og formidlingsverdi til museet. Bearbeiding/ redigering av lyd- og filmopptak/ gjennomgang av gjenstandar vere ei sentral oppgåve</i> | | | Styvi Gard Verneområdeforv. Musea i regionen | Prosjektmed. kommunik. | <i>Prosjektet er mellombes parkert i påvente av oppdatering/ avklaringar.</i> |
| SUM SKAPE NÆRING OG KULTUR | | 2 380 000 | 1 365 000 | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Ansvar | Målsetjing/ resultat |
|------|---|---------------|---------|--|--|---|
| 3 | TA VARE PÅ NATURAV OG MILJØ | | | | | |
| 3.1. | Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Pådrivar/støttespelar i samband med oppfylginga og gjennomføringa av tiltaksplanen samt støtte til gjennomføring av relevante kurs og arrangement. | 30 000 | 10 000 | Verdsarvrådet Verdsarvkommunane SF-landbruksavdelinga | Dagleg leiar/ parktilsette | Medverke til å auke den øk. ramma/ nasjonale finansieringa av tiltaksplanen. |
| 3.2. | "Jubileumsmarkering av verdsarvstatusen til Vestnorsk fjordlandskap": I juli 2025 er det 20år sidan Vestnorsk fjordlandskap vart skrive inn på UNESCO si verdsarvliste. Dette lyt markerast i begge delområda og i 2024 vert det difor gjennomført innleiande planlegging/ organisering av eit felles program for gjennomføring av ulike arrangement. | 600 000 | 400 000 | Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv Parkpartnarane Verdsarvkommunane/ Vestland fylke Verneområdeforvaltning | Prosjektmed. kommunik. / dagleg leiar. | Program inkl. budsjett og finansiering klart innan 4. kvartal. |
| 3.3. | Besøksforvaltning, Vestnorsk fjordlandskap: 1. Registrering av ferdslø/ bygge kunnskap for god forvaltning og styring av aktivitet. Innkjøp av fleire ferdselsteljarar. Grunnlag for rapportering. 2. Delta i Visit Sognefjord sitt Masterplanarbeid i prosessen mot Berekraftig reisemål. 3. Slutføre/ etablere eit 3årig pilotprosjekt knytt til utprøving av ein modell for fellesgodefinansiering i Vestnorsk fjordlandskap/ Visit Sognefjord. 4. Gjennomføre arrangement/ møteplass som dele erfaringar i høve besøksforvaltning og "leave no trace» | 200 000 | 150 000 | Verdsarvrådet Visit Sognefjord/ Visit Voss Verneområdeforv. Verdsarvkommunane Parkpartnarane mv. | Dagleg leiar/ parktilsette. | 1. Etablere kunnskap om ferdsla i Verdsarvparken. 2. Utarbeidd prioritert handlingsprogram - ref. Masterplan. 3. Etablert pilot for fellesgodefinans. 4. Synleggjere erfaringar relatert til besøksforvaltning. |
| 3.4. | Prosjekt "Levande Fjordlandskap": 1. Følgje opp/ vere pådrivar for implementering av nasjonal målsetjing om «Best Practice» i verdsarvområdet. 2. I samarbeid med HVL/ vidaregåande skular vidareutvikle/ gjennomføre undervisningsopplegget «Levande fjordlandskap - sanning eller kun illusjon». 3. Pådrivar for reduksjon utslepp til luft og sjø. 4. Planlegge, organisere og gjennomføre ein ryddedugnad i Verdsarvparken tidleg vår 2024. Mobilisere parkpartnarar og andre aktørar til felles innsats. 5. Vidareføre kartlegging kva som finst av kunnskap / forskning om fjordane/ marin del. | 485 500 | 395 000 | Verdsarvrådet Visit Sognefjord The Fjords Parkpartnarane Verdsarvkommunane Verneområdeforv. Voss gymnas Havforskningsinst./HVL./ UiB | Dagleg leiar/ parktilsette | 1. Styrke Verdsarvparken som eit verdi- og miljøfremjande reisemål. 2. Kartlagt og formidla kunnskap om marin del/ fjordlandskapet under sjøflata. 3. Gjennomført undervisningsopplegg på Bakka innan 3. kvart. 4. Gjennomført ryddedag innan 1.mai. |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Ansvar | Målsetjing/ resultat. |
|------------------------------------|---|---------------|---------|--|---|---|
| 3.5. | "Twinning"- samarbeid med NPS Glacier Bay, Alaska: Oppfølging av samarbeidsavtale mellom Vestnorsk fjordlandskap v/ Verdsarvrådet og Glacier Bay v/ NPS. Gjennomføring av studietur/ utveksling av erfaringar med fokus på <i>Fjord Ranger</i> -programmet og formidling/ samarbeid med skulane. | 300 000 | 250 000 | Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvparken NPS Glacier Bay Skulane Parkpartnarar | Dagleg leiar/ verdsarv- koordinator | Vert fastsett på eit seinare tidspunkt. |
| Skjøtsel og tilrettelegging | | | | | | |
| 3.6. | «Verdiskapingsprosjekt, Stalheimskleiva»: Oppfølging og støtte til gjennomføring av prioriterte tiltak i og ved Stalheimskleiva. Føremål: Stalheimskleiva som ressurs og kjelde til ny verdiskaping. | 50 000 | 25 000 | Stalheim Hotel, Statens vegvesen, grunneigarar, Voss Herad, Vernområdeforv. | Stalheim landskapspark/ Voss herad | Gjennomføring i samsvar med eigen tiltaksplan. |
| 3.7. | Draumeplassen, Flåm: Medverke til utføring av enklare tilretteleggingstiltak samt praktisk støtte til gjennomføring av kveldsarrangement. | 40 000 | 20 000 | Rotfesta/ grunneigar/ Flåm skule/partnarar | Prosjektmed. vandring | 1. Tilrettelegging gjennomført innan 2. kvartal. 2. Arr. gjennomført innan 4. kvartal. |
| 3.8. | «Vandring og verdiskaping»: Ei pågåande satsing med mål om å kvalitetssikre eksisterande/ etablere ny infrastruktur samt få etablert/ synleggjort eit større potensiale for vandring og andre aktivitetar gjennom styrka samarbeid og samhandling mellom dei ulike aktørane om kva turveggar/ vandringsruter som skal prioriterast for tiltak. Planlegge/ gjennomføre naudsynte tilretteleggingstiltak, merking/ skjøtsel, samstundes registrere og fylgje opp meldingar om skade/ trong for naudsynt skjøtsel, tilsyn og informasjon. Etablering av nye innfallsportar. <i>(Vidareført - eigen tiltaksplan)</i> | 150 000 | 100 000 | Partnarar, grunneigarar, lag og organisasjonar, destinasjonsselskap, reiselivsverksemder. Verneområdeforvaltning Verdsarvkommunane Skulane | Prosjektmed. vandring | Tiltak/ aktivitetar gjennomført i samsvar med eigen tiltaksplan. |
| 3.9. | Informasjonstavler og skilting: Framhald utvikling, produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler i og kring Verdsarvområdet i samsvar med ny merkevareprofil. | 250 000 | 250 000 | Grendene/grunneigar/ Verdsarvkommunane Verneområdeforv. Visit Sognefjord Parkpartnarar | Prosjektmed. vandring og merking | Oppsett av min. 15 nye/ refolierte infotavler. |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Ansvar | Målsetjing/ resultat. |
|-------|---|------------------|------------------|---|--|--|
| 3.10. | <p>»Aurlandsdalen«</p> <p>1. Fremje, planlegge/ organisere og sikre gjennomføring av tiltak og aktivitetar knytt m.a. istandsetjing/ vedlikehald, rydding, merking/ skjøtsel av landskap/stiar i Aurlandsdalen.</p> <p>2. Vere pådrivar og støtte for auka bruk og verdiskaping knytt til vandring.</p> <p>3. Ta hand om/ koordinere akutte tiltak i dalen knytt til ras/ steinsprang .</p> <p>4. Ivareta sekretær oppgåver for styringsgruppe Aurlandsdalen. (Vidareført - eigen tiltaksplan)</p> | 250 000 | 150 000 | Styringsgruppe Arbeidsgruppe Reiselivsverksemdar Visit Sognefjord Grunneigarar | Prosjekmed. vandring | Tiltak/ aktivitetar gjennomført i samsvar med eigen plan godkjent av styrings - og arbeidsgruppe. |
| 3.11. | <p>Utbetring turveg Vassete - Breiskrednosi: Kartlegge, planlegge og gjennomføre naudsynt sikring og utbetring av turvegen mellom Vassete og Breiskrednosi.</p> | 100 000 | 80 000 | Grunneigarar Verneområdeforv. Aurland kommune | Prosjektmed. vandring og merking | <p>1. »Fyrstehjelp« utført innan 2. kvartal.</p> <p>2. Naudsynt tiltak avklart, finansiert og klar til gjennomf.</p> |
| 3.12. | <p>Besøksleing, Jordalen: I samarbeid med Jordalen grendalag og utmarkslag etablere ein ny rasteplass før stølen Slettedalen for å redusere slitasje og forsøpling av stølsområdet. Satsinga inneber og etablering av ei tilsynsordning for strekninga Jordalen-Bakkanosi.</p> | 160 000 | 140 000 | Grunneigarane Jordalen grendalag Jordalen utmarkslag Vosse herad Verneområdeforv. | Prosjektmed. Vandring og merking | <p>1. «Ny» rasteplass etablert innan 15.juni.</p> <p>2. Etablert tilsynsordn.</p> |
| 3.13. | <p>«Verdsarvstatus og berekraft i verdsarvbygdene»: Gjennomføring av forprosjekt/ -analyse som med ei brei og involverande tilnærming til verdsarvbygdene tek sikte på :</p> <p>1. å synleggjere desse lokalsamfunna som «verdsarvbygder», kvar på sin måte.</p> <p>2. å auke attraksjonsverdien og attraksjonskrafta til desse bygdene</p> <p>3. å avklare korleis NVP, som forvaltar av verdsarvstatusen, kan bidra til dette.</p> | 300 000 | 200 000 | Aktørar i Verdsarvbygdene Parkpartnarar Reiselivsverksemdar Forvaltning Opplev Underdal AS | Dagleg leiar/ Opplev Underdal AS | Skisse til analyse/ profil klar innan 3. kvartal 2024. |
| 3.14. | <p>Landskapspleie i Stalheim landskapspark: Vidareføre eit samarbeid med grunneigar, Voss herad, Statens Vegvesen, lokalt næringsliv og Stalheim landskapspark m.v. om skjøtsel, stell, tilrettelegging og vedlikehald av område Stalheim/ Haugsvik.</p> <p>Arbeidsområde: Kongevegen, Stalheimskleiva, Stalheim Hotel stølsvegen til Brekkedalen m.v. Freiste involvere lokale ungdommar/ etablere nyttige sesongarbeidsplassar.</p> | 200 000 | 50 000 | Grunneigar Stalheim Landskapspark Voss herad Visit Voss Statens Vegvesen Verneområdeforv. | Stalheim Landskapspark | 1.Skjøtselstiltak gjennomført innan 3. kvartal |
| 3.15. | <p>«Liv og Lyst i Verdsarvbygda Undredal»: Praktisk og øk. støtte til utvikling av formidlingsmatr. samt gjennomføring av møteplassar og aktivitetar.</p> | 469 200 | 50 000 | Undredal ungdomslag Undredal grendalag | Undredal grendalag v/prosjektleder | Eigen tiltaks- og aktivitetsplan. |
| | SUM TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ | 3 584 200 | 2 270 000 | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2024 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Ansvar | Målsetjing/ resultat. |
|------|--|----------------|----------------|--|-----------------------------|--|
| 4 | TA VARE PÅ KULTURARVEN | | | | | |
| 4.1. | «Sivle-vandring», Stalheim: Medverke til utvikling av ei historisk vandring med utg. pkt. i Per Sivle sitt liv/ forfatterskap. Inkl. fastsetting av rute, oppsett av infoskilt og trykking av brosjyrer. (Utsett til etter opning av Stalheimskleiva | | | Sivle-laget/ Stalheim Hotel/ Brekke gard Forvaltninga | Sivle-laget | Førebels parkert. |
| 4.3. | «Otternes Bygdetun»: Utbetring/utvikling av innhald og rep./oppsett av infotavle. Utbetring av steinmur - støtte til planlegging og gjennomføring av kurs. | 50 000 | 40 000 | Stiftinga Otternes bygdetun Kommune/ Vestland fylke | Stiftinga Otternes bygdetun | 1. Infotavle oppdatert/ utbeta innan 15. juni. 2. Kurs gjennomført innan 3. kvartal. |
| 4.4. | Kurs og seminar i innan byggeskikk, bygningsvern og tradisjonshandverk : Planlegge og gjennomføre ein serie på 3-5 kurs som eit aktivt oppfølging av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden. Fokus på tørrmuring, skifertekking, linoljemaling , materialval og-kunnskap, verktøy m.v. | 65 000 | 45 000 | Parkpartnarane, Landbrukskontoret ÅLA/ forvaltninga. Fortidsminnef. SF | Parkforvaltar kulturminne | Gjennomført 4-5 kurs innan 3. kvartal. |
| 4.5. | Regionalparksamarbeid - bygningsvern: Planlegge og gjennomføre 1. gongs handverkdagar i samarbeid med Fjordkystparken. (Parallelt vert det arbeidd vidare med planane for bygningsvernssenter og bygningsvern-rådgjevarfunksjon, samstundes knyte kontakt med bygningsvernsmiljøet og bygningsvernrådsgjevarane ved dei regionale musea i kvar av regionane.) | 50 000 | 30 000 | Fjordkystparken regional - og geopark. Vestland fylkesk. Musea i SF. | Parkforvaltar kulturminne | Arrangement gjennomført innan 3. kvartal 2024. |
| 4.6. | «Steinarbeids- og tørrmuringsdagane»: Verdsarvparken ynskjer å byggje vidare - meir aktivt og medvite - på interessa for både tørrmuring og stein som ressurs til byggjeføremål og anna. Tanken er å utvikle ei eiga satsing på dette. Ein kan sjå føre seg eit konsept med fylgjande arbeidstittel: «Steinarbeidsdagane i Verdsarvparken», som kan gå føre seg kvart eller annakvart år, der ein kan ha ulike aktivitetar om dette med bruk av stein, t.d. føredrag, kurs, ekskursjonar, turar. (Overført frå 2023) | 140 000 | 140 000 | Parkpartnarar, Verdsarvkommunane, Verneområdeforvalt., andre relevante samarbeidspartar. | Parkforvaltar kulturminne | 1. Etablert arbeidsgruppe. 2. Utgreidd innhald, organisering og gjennomføring av konsept. |
| | SUM TA VARE PÅ KULTURARV | 305 000 | 255 000 | | | |

Merknad: Gjennomføring føreset løyving av økonomi i samsvar med finansieringsplanen.

Aurland, pr.21. desember 2023.
Erling Oppheim,
Dagleg leiar.